

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

J.nr. 16/03rundskriv

FHSR-rundskriv 03-03
Oslo 20. januar 2003

SATSAR FOR TILKALLA FORELESARAR

Etter drøfting med Samnemnda for NF og NKF tilrår Folkehøgskolerådet at ein nyttar dei satsane som finst i Statens Personalhandbok pkt 12.4.1. Desse forelesingssatsane har statstenestemenn som målgruppe, men honorarnivået svarer i store trekk til tidlegare fastsetting frå departementet. I Personalhandboka opererer ein med ulike vanskegrader, ulike målgrupper og om det er gjentakingsforedrag eller ikkje. Vi har forenkla dette noko:

Enklare undervisning: kr 300,- pr. time

Låg vanskegrad og lite krevjande målgruppe

Standardundervisning: kr 525,- pr. time

Ordinær vanskegrad og/eller krevjande målgruppe

Spesiell undervisning: kr 775,- pr. time

Stor vanskegrad og/eller uvanleg krevjande målgruppe

Kva for nivå ein vil leggje seg på vil vera ei vurderingssak, men satsen for standardundervisning er meint å vera den vanlege.

Satsane gjeld frå 1. januar 2003.

Vi håper dette kan vera til hjelp for skolane!

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Mai-Evy Bakken /s/
leiar

Odd Arild Netland /s/
sekretær